



Saksframlegg

Søknad om konsesjon for erverv av Øysæ gbnr. 73/3, 73/7 og 62/7

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Søknad om konsesjon
Kjøpekontrakt

Bakgrunn for saka:

Knut Tore Sannes har søkt konsesjon for erverv av Øysæ gbnr. 73/3, Bondalsheia gbnr. 62/7 og Fykom gbnr. 73/3. Søknaden er datert 23/4-25. Eigar er Håvard Hansen, busett i Hægebostad. Avtalt kjøpesum er 1,3 mill.

Sannes er eigar av Haga, gbnr. 58/7 i Åslandsgrend og Kleiv gbnr. 50/3 i Hegglandsgrend.

Den 08.04.24 gav hovudutval for plan og miljø Håvard Hansen løyve til å dele Øysæ gbnr. 73/3 m.fl frå Sørum gbnr. 64/5 med det føremål at Øysæ vart lagt som tilleggsjord til eigedomane til Knut Tore Sannes. Den søknaden som no har kome frå Knut Tore Sannes er i tråd med dei vilkåra som vart sett i delingssaka.

Øysæ, gbnr. 73/3 er ein gamal heigard på 4914 dekar, der 501 daa er prod. skog og 6 daa er overflatedyrka. Her er ikkje bilveg heilt fram. Av hus er her ei hytte på 46 m² bygd i 1969 i middels standard. Her er eit nyare uthus frå 2006 og eit gamalt stabbur frå 1700-talet. Bondalsheia gbnr.62/7 er slått saman med Øysæ. Fykom gbnr.73/7 er ei hyttetomt, etablert i 1969, inne i eigedomen. Det er aldri søkt om noko byggeløyve på tomte og den er såleis ikkje gjeldande.

Knut Tore og kona er busett på Haga, gbnr. 58/7 i Åslandsgrend. Saman med Kleiv, gbnr. 50/3 er driftseininga totalt på 130 daa. Av dette er 4,4 daa er dyrka mark, 6,8 daa er innmarksbeite og 110 daa er produktiv skog.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for at jordviddene i kommunen med fjell, skog og utmark skal ha lokalt eigarskap.

Eigedomen er ein landbrukseigedom og konsesjonssøknaden vert handsama etter konsesjonslova §§ 1 (*lovens formål*) og 9 (*særlige forhold for landbrukseiendommer*). I tillegg vert saka vurdert opp mot lokale føringar og politiske vedtak i kommunen.

Dette er som nemnt i innleiinga ein konsesjonssøknad i tråd med dei vilkåra som vart sett i delingssaka. Det vert likevel ein kort vurdering opp mot §9 særlege forhold for landbrukseigedomar.

Det skal ikkje føretakast noko prisvurdering då eigedomen ikkje under 35 daa dyrka mark.

1. Om erververs formål ivaretar hensynet til bosettingen i området.

Dette er ein eigedom utan bustadhus som er søkt om å få ha som tilleggsareal til annan landbrukseigedom. Ein kan såleis ikkje pålegge buplikt på den eigedomen ervervet gjeld men ved kjøp av tilleggsjord kan ein pålegge buplikt på den eigedomen som får tilført arealet, dvs på Haga der søkjar alt bur. Det er ikkje noko tyngande å sette dette vilkåret då søkar har kryssa av for at han er klar over buplikta. I framtida, om reglane for konsesjon ikkje vert endra, vil det også hefte buplikt til eigedomen ved omsetjing innan familien då driftseininga no vil bestå av over 500 daa produktiv skog. Derfor er omsynet til busetnad godt teke vare på med dette ervervet.

2. Om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning.

Eigedomen er ein fjelleigedom med hytte, skog og utmark. Her er ikkje jaktrettar til eigedomen då denne er selt ut for mange år sidan før jordlova var gjeldande. Det er likevel ei driftsmessig god løysing å legge Uppigard Øysæ saman med Haga/Kleiv. På den måten sikrar vi framtidig lokalt eigarskap til ressursane.

3. Om ervervet anses som skikket til å drive eiendommen

Knut Tore er skogbrukar og mekanikar og har halde på aktivt i skogen i ein årrekke. Han er godt skikka til å forvalte eigedomen.

4. Om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet

Med omgrepet heilskapleg ressursforvaltning meinas det «*at en må se på hvilke virkninger et eierskifte har for alle ressursene på eiendommen enten det gjelder jord- og skogbruksarealer, bygninger eller øvrige deler av eiendommen. I begrepet ligger også at en i størst mulig grad ivaretar framtidige generasjoners behov. Ressursene skal disponeres på en slik måte at produksjonsevne og utnyttelsesevne ivaretas, slik at eiendommen i framtida kan legge grunnlag for drift og bosetting.*»

Det er heilt på det reine at dette ervervet legg grunnlag for framtidig drift og busetnad tatt i betraktning at vi no får ein landbrukseigedom som samla sett vert meir ressurssterk med tilhøyrande bustadhus. Det er også sannsynleg at ein eigar som er busett i kommunen har høve til å skjøtte ein eigedom på ein betre måte enn det ein busett utanfor kommunen kan gjere. Då Knut Tore har utstyr til drift av skog på Haga vil ein utviding av driftsgrunnlaget vere positivt for ei nyttiggjering av dei ressursane skog og ved på Øysæ representerer.

Konklusjon:

Å legge Øysæ gbnr. 73/3 som tilleggsareal til Haga gbnr. 58/7 vil vere udeelt positivt. På denne måten sikrar ein lokalt eigarskap på arealressursane over ein lengre periode, ein ivaretek busetnaden i området og det er ei god driftsmessig løysing.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune gjev Knut Tore Sannes konsesjon for erverv av oppigard Øysæ, gbnr.73/3, 62/7 og 73/7 som tilleggsareal til Haga, gbnr. 58/7 og Kleiv gbnr. 50/3 som omsøkt. Ervervet ivaretek busetnaden i kommunen og er ei driftsmessig god løysing.

Som vilkår for ervervet får søkjar 5 års samanhengande buplikt på Haga gbnr. 58/7, der han no er busett.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §9 og 11 av 28.nov 2003 delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Elin Skålid
	rådgjevar landbruk